



Innlevering av båtvrak til lovleg mottak utløyer kroner 1 000 til den som søker om tilskot. Foto: Miljødirektoratet

Viktig informasjon ved levering av båtvrak

1. Publikum skal sjølve ha med seg eit ferdig utfylt papirskjema.
2. Dette skjemaet er å finne på www.miljodirektoratet.no/fritidsbater.
3. Mottaket signerer eller stemplar skjemaet når dei har teke imot båten.
4. NB: Mottaket skal ikkje behalde skjemaet.

Når båten er levert

1. For å få utbetalt kr. 1 000, må båteigar sjølv sende inn skjemaet gjennom Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter:
<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no>
2. Ta bilete eller skann innleveringskjemaet. Pass på at det er lesbart.
3. Last opp skjemaet elektronisk som vedlegg til søknaden om «Tilskudd til innlevering av kasserte fritidsbåter» i Miljødirektoratets søknadssenter på nett: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no>
4. Trykk «send».

Når kjem pengane?

Sender du skjemaet elektronisk, vil pengane kome innan ein til to månader. Skjema på papir vil ta lengre tid å behandle.

Spørsmål kan stillast til Miljødirektoratet på telefon 951 23 500 eller på e-post: esshjelp@miljodir.no

Meir informasjon er å finne på: www.miljodirektoratet.no/fritidsbater